

Arkivnr: 2014/19767-6

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld, Anne Mette Nesje Porten, Snorre Waage, Marta Rongved Dixon,
Elisabeth Bjørsvik**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	98/17	20.06.2017

Innspel til handlingsprogram knytt til Meld.St.18 (2015-16) Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet frå Hordaland fylkeskommune**Samandrag**

I samband med Stortinget si handsaming av Meld. St. 18 (2015-2016) "Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet" den 20. oktober 2016, fatta Stortinget vedtak om at regjeringa skal legge fram ein handlingsplan med sikte på å styrke det samla friluftslivsarbeidet og friluftslivet si rolle i folkehelsearbeidet.

I brev dagsett 20. februar 2017 inviterer Klima- og miljødepartementet fylkeskommunane til å kome med innspel med forslag til tiltak og føringar i handlingsplanen. Fristen var 1. juni og protokoll frå dette møtet vert ettersendt.

Som del av arbeidet med handlingsprogram for friluftsliv inviterte Klima- og miljødepartementet til oppstartsmøte 29. mars. Departementet understreka at stortingsmeldinga og handlingsprogrammet skal fungere i eit samspel. Handlingsprogrammet skal vere kort med fokus på tiltak og verkemiddel i friluftslivsarbeidet. Departementet ønskjer innspel som er konkrete og knytt opp mot dei kapitla i stortingsmeldinga. Der er det skildra mange gode tiltak allereie. Alle desse skal ikkje gjentakast i handlingsprogrammet, men kan ev. utbetrast og konkretiserast m.a. med tidsplan for tiltaket. Det er også ønskjeleg med nye tiltak og verkemiddel. Desse treng ikkje ha ei direkte forankring i stortingsmeldinga. Handlingsprogrammet skal vedtakast av regjeringa og såleis vil dei tiltaka som ikkje er forankra i stortingsmeldinga kanskje stå noko svakare.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek innspel til handlingsprogram knytt til Meld. St. 18 (2015-2016) *Friluftsliv – Natur som kilde til helse og kvalitet*, slik det vert presentert i saksutgreiinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Førebels innspel til Handlingsprogram for friluftsliv knytt til Meld.St. 18 (2015-16) Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet - frå Hordaland fylkeskommune
- 2 Skriv frå Klima- og miljødepartementet - invitasjon til å koma med innspel
- 3 Meld.St.18 (2015-16) Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet

Fylkesrådmannen, 22.05.2017

Generelle innspel

I utarbeidinga av handlingsprogram for friluftsliv bør evaluering av tidlegare tverrdepartementale handlingsprogram t.d. saman for fysisk aktivitet 2005-2009, nyttast for å sikre størst mogleg gjennomføringskraft i alle sektorar. Politikk relatert til friluftsliv er også forankra i stortingsmeldingar knytt til andre saksfelt t.d. idrett, folkehelse, inkludering, opplæring og reiseliv. Det bør vurderast å lage eit handlingsprogram som føl opp også desse politikkområda knytt til friluftsliv for å sikre ei heilskapleg og styrka oppfølging – saman for friluftsliv! Dette vil sikre ei tettare samordning av øyremerka midlar frå ulike departement.

I utarbeidinga av handlingsprogram for friluftsliv bør evaluering av tidlegare tverrdepartementale handlingsprogram t.d. saman for fysisk aktivitet 2005-2009, nyttast for å sikre størst mogleg gjennomføringskraft i alle sektorar. Politikk relatert til friluftsliv er også forankra i stortingsmeldingar knytt til andre saksfelt t.d. idrett, folkehelse, inkludering, opplæring og reiseliv. Det bør vurderast å lage eit handlingsprogram som føl opp også desse politikkområda knytt til friluftsliv for å sikre ei heilskapleg og styrka oppfølging – saman for friluftsliv! Dette vil sikre ei tettare samordning av øyremerka midlar frå ulike departement.

Handlingsplanen bør gjelde i perioden 2018 - 2021, med revidering i slutten av 2021 slik at regjeringa vedtek ny handlingsplan i byrjinga av ny stortingsperiode. Planen bør i tillegg ha eit 10 års perspektiv for å gi ei føreseieleg retning i val av verkemiddel i friluftspolitikken. Handlingsprogrammet bør evaluerast undervegs.

Kostnaden knytt til ulike tiltak bør kome fram slik at regjeringa har dette også som ein del av vurderingsgrunnlaget når ein skal avgjere om, og i kor stor grad, ulike tiltak skal verte gjennomført. Det bør peikast på kva statlege tilskotsordningar som skal bidra til realisering av dei ulike tiltaka. Modellar for spleiselag mellom ulike departement, fylke, kommunar og private må synleggjerast, og er ein føresetnad for eit breitt eigarskap til gjennomføring av planen. Tiltaka i handlingsprogrammet kan gjerne vere sett opp i ein matrise der ansvar og roller er tydeleg.

Dei nasjonale måla for friluftspolitikken (kap. 2) er veldig overordna og såleis foreslår vi å lage fire delmål knytt til kvar av friluftslivet sine 4 A'ar: **Allemannsrett, Areal, Anlegg og Aktivitet** for lettare å kunne gje ei retning og evaluere arbeidet undervegs. For å tydeleggjere behov for tilrettelegging og aktivitetstilbod for ulike målgrupper kan ein vidareutvikle tabell 9.1 og 9.2 i rapporten «Samfunnsøkonomiske virkningar av friluftslivet» (2016) s. 74-75.

For å synleggjere og sikre ein heilskapleg utvikling bør det vere eit felles fyrårnstilltak knytt til kvar av dei 4 A'ane; Allemannsrett, Areal, Anlegg og Aktivitet. Desse elementa bør styrkast i planarbeid på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, m.a. i planstrategi, kommuneplan (samfunn og areal), kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Under er det nemnd ulike konkrete tiltak knytt til dei ulike kapitla i stortingsmeldinga. Tiltaka er på ulike nivå og omfang. Det som er utheva er dei tiltaka Hordaland fylkeskommune foreslår som fyrårnstilltak.

Kap. 5: Allemannsretten

1. **Min sti! – Befolkninga bidreg til å registrere alle nærturar i kart!**
2. Informasjonsarbeid om allemannsretten
3. Styre ferdsel og samhandling med grunneigarar/ frivillige org og kommunar.

Kap 6: Areal

1. **Utvikle sti- og løypeplanar i alle kommunar** (Ferdseisårer med turruterplaner, rettleiingsmateriale og merkehandboka, sti i kart og 500 m til nærmeste sti). I tillegg er det viktig å vidareføre kartlegging og verdisetting av friluftsområder (oppdatere, revidere handbok, samordne eksisterande kommunereform).

2. Etablere eit sikringsfond i kvar region med meir løpande sakshandsaming av tilskotspost 30 (for å sikre raskare sakshandsaming for å sikre friluftsområder i og ved byar og tettstader) og auke post 78 tilrettelegging av statleg sikra friluftsområder
3. Styrke skjærgårdstenesta
4. Tilskotsordning for å kartlegge tilgjengelegheit og fjerne ulovlege stengsel i strandsona

Anlegg (tilrettelegging)

1. **Sikre ei statleg medfinansieringsordning for merking og gradering av turløyper**
2. Etablere bærekraftige modellar med ansvars- og rollefordeling i høve til marin forsøpling
3. Fokus på nærfriluftsliv med mål om 500 m til nærmaste turløype i tettstader og byar. Desse turløypene bør vere lyssett for å auke bruken heile året. I tillegg er det viktig å sikre tilgang på store samanhengande naturområder
4. Styrke samordning av statlege, fylkeskommunale og private tilskotsordningar. Forenkla søknads- og rapporteringssystem.

Kap 7 Aktivitet

1. **Digital satsing og samordning m.a. ein felles nasjonal turportal på nett, ferdselsdatabase, rettleiar knytt til bruk av teljepunkt (innkjøp, montering, bruk av data)**
2. Gje frivillige organisasjonar gode og føreseielege rammevilkår for m.a. å kunne gjere terskeleg for deltaking i det organiserte friluftslivet låg.
3. Fokus på naturen som læringsarena, inkl, hausting
4. Varierte kulturopplevingar gjennom t.d. poesti, kul-tur, ekstremjazz. Formidling av kulturminner i sitt naturlege miljø gir nye dimensjonar til turopplevinga. Bruk av museum i formidlingsarbeidet.
5. Inkludering av menneske med spesielle utfordringar/behov (m.a. menneske med nedsett funksjonsevne fleirkulturelle, innaktive og fattige)
6. Felles satsing på ungdom som målgruppe t.d. opptur, friluftsskolen, leiarutvikling
7. Vidareføre fiskesprell (kap. 8)
8. Auke fritidsfiske som friluftaktivitet. Gir matauke, sosiale opplevingar, spenning og meistring. Barnehagar, skular og friluftslivar er viktige aktørar for å fremje fritidsfiske i befolkninga. Fritidsfiske er ein viktig innfallspor til norsk friluftsliv for mange innvandrarar. (kap. 8)
9. Sikre bærekraftig reiselivssatsning og utvikle besøksstrategi i alle nasjonalparkar innan 2020 (kap. 9)